

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

07.04.2016

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

torsdag, 21.04.2016 kl. 14.00 på formannskapssalen

SAKLISTE:

- Sak 08/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 02.03.2016
- « 09/16 - Referatsak
- « 10/16 - Årsmelding 2015 – Sykkylven kommune
- « 11/16 - Kommunerekneskapen 2015 – Sykkylven kommune
- « 12/16 - Gjennomgang av reglement for saksbehandling i kommunestyret
m.v.
- « 13/16 - Reglement for kontrollutvalet
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 2. mars 2016, kl.15.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen .

Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 03/16

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 03/16 vart behandla først. Deretter følgte dei andre sakene i nummerert rekkefølge.

e

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt om møtetidspunkt og møtedatoar for kontrollutvalet resten av 1. halvår 2016

SAK 01/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. NOVEMBER 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 4. november 2015 blir godkjent.

SAK 02/16

KONTROLLUTVALSBOKA, SPØRJERUNDE OM KONTROLL OG REVISJON

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 24.02.2016

Kontrollutvalet drøfta følgjande tema:

- Annonsering av møta i Sykkylvsbladet saman med andre kommunale møte.

- Kunngjering av møta på framsida av heimesida til Sykkylven kommune.
- At medlemmane av kontrollutvalet får tilgang til bladet «Kommunal Rapport».
- Vurdering av årsplan for kontrollutvalet.
- Plan for selskapskontroll – kva selskap skal eventuelt bli kontrollert?
- Plan for forvaltningsrevisjon.
- Kontroll av praktisering av anbudsprinsippet.
- Bedriftsbesøk.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det blir vist til kulepunkta ovanfor. Kontrollutvalet vil arbeide vidare med desse oppgåvene..
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/16

DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I SYKKYLVEN KOMMUNE VED AVLAGT REKNESKAP FOR 2015

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 24.02.2016

Økonomisjef Arild Bergstrøm orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/16

ARBEIDSFORDELING – GJENNOMGANG AV KOMMUNENS MØTEBØKER

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 24.02.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ståle Eikrem tek formannskapsdokumenta.
 Karen Elise Matheson tek dokumenta frå Levekårsutvalet.
 Torill Velle tek dokumenta frå kommunestyret
 Roger Welle tek dokumenta frå nærings- og utviklingsutvalet.

SAK 05/16

TEMA REIST AV OIAV HARALD ULSTEIN OM INNDEKKING AV UNDERSKOT

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.02.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til notat frå kommunerevisjonen datert 26. februar 2016 til Sykkylven kontrollutval og tek saka til orientering.

SAK 06/16**ORIENTERING OM SAKER UNDER ARBEID**

Desse sakene er gjennomgang av reglement for kontrollutvalet og kommunestyret samt forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS. Ei projektskisse blir - ettersom Ålesund kommune er kontorkommune - først lagt fram for Ålesund kontrollutval 12. april 2016. I etterkant av det vil skissa bli førelagt Sykkylven kontrollutval.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/16**TEMA UNDER EVENTUELT****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

- Møtetidspunkt i kontrollutvalet blir sett til kl. 14.00.
- Møtedatoar for resten av 1. halvår 2016 blir 6.april og 27. april. Eit av desse møta blir avvikla kontrollutvalsekretariatet sine lokalar.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Ståle Eikrem
nestleiar
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

NOTAT

Frå: Kommunerevisjonen
Til: Olav Harald Ulstein

Ålesund, 29. mars 2016

VEDKOMMANDE SPØRSMÅL OM BRUK AV UTBYTTE OG EIGEDOMSSKATT I BUDSJETT 2016 – SYKKYLVEN KOMMUNE - PRESISERING

Vi viser til spørsmål til Sykkylven kontrollutval, som er sendt over til kommunerevisjonen i epost av 10.01.2016 frå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, og vårt notat datert 26.02.2016 til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet behandla kommunerevisjonen sitt notat i møte 02.03.2016, under sak 05/16. Etter kontrollutvalet sitt møte, er kommunerevisjonen kontakta av Ulstein, der han påpeikar at han ikkje har noko å innvende til notatet utover at vi ikkje avklarar spørsmålet knytt til budsjett 2016.

Med bakgrunn i dette, vil kommunerevisjonen komme med ei presisering.

Det er korrekt at det i budsjettdokumentet (side 43 og 44), går fram at utbytte frå Sykkylven Energi AS skal gå til dekking av akkumulert underskot i tråd med vedteken plan for dekking av slikt underskot. Ved kommunestyret si behandling av årsbudsjettet for 2016, vart det likevel med 15 mot 14 røyster vedtatt følgjande i siste kulepunkt:

«Ettersom eigedomsskatten vert nytta til å finansiere nedbetaling av underskot, skal meirinntekt på eigedomsskatt eller mindretgift ved å administrere utskrivning/innkrevjing, uavkorta nyttast til nedbetaling av akkumulert underskot.»

Kommunerevisjonen forstår kommunestyret sitt vedtak slik:

- Eigedomsskatten blir nytta til nedbetaling av underskot.
- Eventuelle netto meirinntekter knytt til eigedomsskatten skal uavkorta gå til nedbetaling av akkumulert underskot. Planen for dekking av akkumulert underskot blir endra i tråd med dette.
- Premissane gitt i rådmannen sitt budsjettforslag for 2016 (på side 43 og 44) om bruk av utbytte frå Sykkylven Energi AS, er endra.

Vedteke årsbudsjett 2016, er gjort opp med eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-.


Bruk av inntekter frå eigedomsskatt til å betale ned akkumulert underskot, føreset at Sykkylven kommune har eit positivt netto driftsresultat som er tilstrekkeleg til å dekke renter, avdrag på lån og nødvendige avsetnader (t.d. dekking av tidlegare års underskot i samsvar med godkjent plan).

Dersom inntektene frå eigedomsskatten svarer til årets planlagde dekking av akkumulert underskot, vil andre inntekter (t.d. utbytte frå Sykkylven Energi AS) etter vedtak i kompetent politisk organ, kunne nyttast til andre driftsformål i Sykkylven kommune.

I budsjettet for 2016 er det budsjettert med kr 11 160 500,- i inntekter frå eigedomsskatt. Det er vidare budsjettert med kr 10 857 527,- til dekking av akkumulert underskot. Inntektene frå eigedomsskatten er m.a.o. i overkant av budsjettert dekking av underskot etter godkjent plan i 2016.

Ettersom budsjettet for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-, er utbytte frå Sykkylven Energi AS nytta til andre formål enn dekking av underskot i 2016, jfr. kommunestyret sitt vedtak om at eigedomsskatten skal nyttast til nedbetaling av underskot.

Med bakgrunn i at kontrollutvalet drøfta problemstillingane som er reist i sak 05/16, blir kopi av dette notatet sendt til Sykkylven kontrollutval og Sykkylven kommune.



Kjetil Bjørnsen
Kommunerevisor

Kopi: Sykkylven kontrollutval
Sykkylven kommune

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.04.2016

**SAK 10/16
ÅRSMELDING 2015 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2015 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Sykkylven kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.04.2016

SAK 11/16
KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2015 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2015

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Årets rekneskapsmessige mindreforbruk utgjer kr.13.262.834,-.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Sykkylven kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Mari Ann Yndestad

Vår dato:
31.03.2016
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Sykkylven kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SYKKYLVEN KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune som viser kr 382 234 135,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 13 262 834,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sykkylven kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
Kommunerevisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.04.2016

**SAK 12/16
GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR SAKSBEHANDLING I
KOMMUNESTYRET M.V.**

Som vedlegg følger:

- Notat datert 15.02.2016 frå advokat Kjetil Kvamen

1. Innleiing

Ved sida av lov har interne regelverk, utforma som reglement, ei utfyllande, informativ og viktig rolle. Både kommunestyret sine medlemmar og publikum har nytte av å kjenne dei praktiske rutinane som gjeld for kommunestyret sitt arbeid og reglementet er gjerne lett tilgjengeleg, direkte og enkelt formulert. Ved å gi slike utfyllande reglar på område der kommunen sjølv kan bestemme, har kommunestyret høve til å styre mot ein konsekvent praksis i dei spørsmåla dette gjeld.

Kommunelova stiller då også krav om utarbeiding, vedtaking og oppdatering av ulike reglement. Vedtaking av nokre av reglementa er pålagte oppgåver som skal utførast innan utgangen av året etter valåret/konstitueringa, men likevel slik at tidlegare regelverk gjeld til nytt kjem på plass.

Kontrollutvalet sin juridiske rådgjevar, advokat Kjetil Kvammen, har i eit eige notat av 15.02.2016 gitt ein del opplysningar om kommunale reglement generelt og peikt på at desse kan ha stor variasjonsbreidde. Han har dessutan gjennomgått reglementet for kommunestyret, gjeldande frå 01.01.2008. Under denne gjennomgangen har det kome fram ein del forhold som gir grunn til merknader, både til dette reglementet og i høve til andre.

2. Merknader til reglement for kommunestyret og delegasjonsreglementet

På fleire område har departementet gitt normalreglement som ofte blir følgt av kommunane. Slik er det t.d. når det gjeld normalreglement for folkevaldes innsynsrett, kommunelova § 40 nr. 5. Dette vart utgitt i 2004, (jfr. veiledar H-2142). Men når det gjeld reglement for kommunestyre, ligg det ikkje føre noko normalreglement utarbeidd av departementet.

Gjennomgangen tyder på at det gjeldande reglementet har behov for oppdatering på fleire felt. Noko gjeld sjølvstapte område som bruk av internett, medan andre endringsbehov er knytt til endringar i regelverk.

I mai 2012 kom det inn i kommunelova eit krav om utarbeiding av delegerings- og innstillingsreglement og det er i lova gitt fristar for oppdatering av desse.

Kommunen har delegeringsreglement, men dette er ikkje oppdatert slik lova krev. Når det gjelde innstillingsreglement so ligg dette ikkje føre i det heile. Også denne mangelen inneber eit avvik frå kommunelova.

1. Merknader som går fram av advokatens notat av 15.02.d.å.

Det vert vist til dei merknadene som går fram av advokaten sitt notat. Kontrollutvalet bør slutte seg til desse og sende merknadene vidare i form av ei oppmoding.

Utover dette kan det slik eg ser det knytast tilleggsmerknader til nokre punkt i kommunestyret sitt reglement:

2. § 3 nr. 4 Opning av møtet

Det heiter her m.a. at kommunestyret kan endre rekkefølga på behandlinga av saker. Vidare kan kommunestyret under visse vilkår «fatte vedtak som ikkje er oppført på saklista». Dette er i samsvar med kommunelova § 34 nr. 1 andre punktum.

Det synest då naturleg at reglementet med vising til første punktum i § 34 nr. 1 bør ha reglar om at:

- *Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal utsette eller trekke realitetsbehandlinga av ei sak på den utsende saklista.*

3. § 3 nr. 11 Forslag

Det heiter at «særlege lovbestemmelser» kan gi andre rett til å sette fram forslag. Dette kan f.eks. vere kommunelova § 39 a som omhandlar innbyggjarforslag som kommunestyret sjølv pliktar å ta stilling til.

Eksempel på slike «særlege lovbestemmelser» kan framgå av reglementet.

Reglementet viser til K-sak 61/07 og denne henvisninga bør forklarast nærare.

4. § 3 nr. 15 Forespørsel (interpellasjonar) «Spørsmål til ordføraren»

Etter kommunelova § 34 nr. 2 kan alle medlemene i møtet rette spørsmål til ordføraren. Det heiter i reglementet at slike spørsmål «skal meldast til møteleiar minst 4 dagar i førevegen».

Kravet til førehandsvarsling er m.a. sett av omsyn til at administrasjonen skal ha høve til å førebu eit uttømande svar.

Lova gir imidlertid det enkelte medlemmet rett til også å stille spørsmål utan noko slikt førehandsvarsel og med kortare frist enn 4 dagar. Det kan ofte vere behov for å stille slike spørsmål og i reglementet bør denne adgangen vere nemnt. Slike spørsmål bør ordføraren svare på straks så langt muleg og evt. varsle meir utdjupande svar i eit komande møte.

- *Retten for det enkelte medlem til å stille spørsmål utan førehandsvarsel bør gå fram av reglementet*

Når det gjeld **delegasjonsreglementet** kan følgjande tilføyast til advokaten sitt notat:

5. § 2 Delegering til administrasjonen

Det heiter i reglementet at «All delegering til administrasjonen frå folkevalde organ skal skje til rådmannen...». Det er vidare vist til m.a. kommunelova §§ 23 nr. 4 og 24 nr. 1.

Det burde også gå fram av reglementet at

- *Det er ikkje høve til å delegere avgjerdsmynde til rådmannen i saker som er av prinsipiell betydning*

6. § 8 Klage og behandling av klage

Følgjande bør innarbeidast i pkt. a):

- Formannskapet er klageinstans når det gjeld vedtak som er fatta av styre eller utval, *unnateke kommunestyret og kontrollutvalet*
- I høve til bestemmelsane ovanfor er formannskapet alltid å rekne som eit overordna organ i høve til andre organ, *unnateke kommunestyret og kontrollutvalet*

Til slutt bør det kanskje bli presisert at sjølv om det er ordførar som set opp saklista til eit møte, kan ordførar ikkje trekke ei sak dersom den er oppført på saklista. Det kan berre organet sjølv gjere.

3. Konklusjon:

Gjennomgangen viser at det er behov for å gjennomføre ei fullstendig oppdatering av denne type regelverk i kommunen. Dette er eit område som dessverre ser ut til å ha vore forsømt over lang tid.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Kontrollutvalet finn at kommunestyret ikkje har gjort nødvendige vedtak om reglement innanfor dei fristar loven set. Ein del lovpålagte reglement manglar også heilt.

2. Kontrollutvalet oppmodar kommunen sin administrasjon om snarast å gjennomføre oppdatering av aktuelle reglement, herunder reglement for kommunestyret og delegasjonsreglementet, og utarbeide og vedta alle reglement som lova krev.

Harald Rogne
dagleg leiar

notat

Til: Kontrollutvalget i: Sykkylven kommune
 v/Kontrollutvalgsekretariat: SKS IKS
 Att.: Daglig leder Harald Rogne

Fra: Adv. Kjetil Kvammen MNA, sekretariatets rådgiver

Dato: 15.02.2016

Kommunale reglement - reglement for saksbehandling i kommunestyret

1. Utgangspunkter og lovhjemmel

Innenfor områder der kommunen selv kan treffe beslutninger er det ofte vedtatt generelle regler for interne forhold. Mellom de svært mange ulike reglementene som kan forekomme innen kommunens virksomhet, forekommer det noen lovpålagte. Det vil si at kommuneloven pålegger kommunestyret å utarbeide og vedta reglementet.

Eksempel på slikt reglement er regler om saksbehandlingen i folkevalgte organer. Dette er pålagt med hjemmel i kommuneloven §39 nr. 1.

Kommunestyret er videre pålagt å gi bl.a. et delegasjonsreglement og reglement for innstillingsrett.

For øvrig finnes det reglement for kontrollutvalg, finansreglement, permisjonsreglement, reglement for skyss- og kostgodtgjøring, reglement for folkevalgtes innsynsrett (se nedenfor), mv.

1.1. Reglement for saksbehandlingen

Når det gjelder **reglement for saksbehandlingen** heter det i kommuneloven §39 nr. 1 at «Kommunestyret.. fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer».

Fastsetting av reglement kan ut fra lovens ordlyd (jfr. «fastsetter selv») ikke delegeres til andre organer, men må vedtas av kommunestyret selv. På samme måte må løpende kommunal

saksbehandling fra sak til sak avgjøres av kommunen selv fordi dette er et område som staten ikke kan gripe inn i.

Kommunestyret kan ikke vedta reglement, eller for den saks skyld treffe andre vedtak, som går ut over kommuneloven, forvaltningsloven eller andre ufravikelige lovbestemmelser. Derfor har et reglement karakter av en type «lovgivning» som utfyller reglene i gjeldende formell lov.

Når det gjelder reglementet for saksbehandlingen gir loven ingen frist for vedtakelse. Lovens intensjon tilsier at de er rimelig oppdaterte, men avgjørelser som er truffet på grunnlag av et «gammelt» delegeringsreglement eller for den saks skyld andre delegeringsvedtak blir ikke ugyldige av den grunn.

På samme måte som reglement for saksbehandlingen skal hvert kommunestyre vedta et reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett, jfr. kommuneloven §39 nr. 2.

Kravet til **delegerings- og innstillingsreglement** ble lovfestet 25. mai 2012 med ikrafttreden 01.07.2012. Det skal etter kommuneloven § 39 nr. 2 vedtas av kommunestyret i løpet av året etter konstituering, dvs. innen 31.12.2012, 31.12.2016, osv. Heller ikke disse reglementene kan vedtas av andre enn kommunestyret selv.

1.2. Delegasjonsreglementet

Loven pålegger kommunestyret minst en gang hver valgperiode å vedta et reglement som gir oversikt over hvilken avgjørelsesmyndighet som kommunestyret delegerer til administrasjonen og til folkevalgte organ.

Behovet for en slikt klargjørende reglement vil være naturlig, ikke minst utfra følgende:

Det er i norsk rett ingen formkrav til en **delegasjons**beslutning, dvs. hvordan man tildeler myndighet eller kompetanse nedover. Det betyr at om, og i hvilken utstrekning, et vedtak innebærer tildeling av kompetanse, vil bero på en tolkning av vedtaket. En må da ta hensyn til omstendighetene og andre momenter som er relevante for å finne fram til hva delegasjonen går ut på.

Når det gjelder delegasjon er det naturlig å minne om følgende rettslige innhold og konsekvens av et delegasjonsvedtak:

- den man delegerer til kan treffe beslutninger innen delegasjonens rammer på vegne av det organet som delegerer, og med samme rettsvirkninger.

Men det delegerende organ kan når som helst tilbakekalle delegasjonen og eventuelt gi, enten generelle eller konkrete, instruksjoner om hvordan delegasjonen skal benyttes. Videre kan det delegerende organ når som helst selv beslutte selv å ville treffe avgjørelse i en konkret sak, selv om det fra før har delegert myndighet for andre til å avgjøre den.

Det delegerende organ kan også omgjøre vedtaket i det underordnede organet.

Det fremlagte delegeringsreglement gjeldende fra 01.01.2008 gir «generelle reglar om delegert fullmakt», men gir ingen oversikt over tildelt avgjørelsesmyndighet.

1.3. Innstillingsreglementet

Kommunestyret bruker «komitémodellen», dvs. kommunestyret deler seg inn i komitéer som forbereder saker og fremmer innstilling til kommunestyret. Kommunestyrekomitéer er blant de folkevalgte organene.

Kravet til **innstillingsreglement** skal klargjøre om det skal avgis innstilling i saker som blir behandlet av kommunestyret og andre folkevalgte organ. Dersom det skal foreligge innstilling, skal reglementet klargjøre hvem som har ansvaret for å fremme innstillingen.

Sykkylven kommune har ikke vedtatt innstillingsreglement innen fristen som var 31.12.2012. Det er ikke opplyst at der foreligger andre generelle vedtak som kan erstatte reglementet.

2. Merknader til gjeldende reglement for kommunestyret

Det reglementet som er tilsendt fra Sykkylven kommune er gjort gjeldende fra 1.1.2008.

Reglementet har tre hovedområder: Valg og sammensetting, ansvarsområde og diverse bestemmelser vedrørende forhandlinger og møter.

Det kan knyttes følgende merknader til enkeltbestemmelser i reglementet:

2.1. Valg og sammensetting

Jeg har ikke merknader til denne delen av reglementet (§ 1) som relativt direkte bygger på bestemmelser i kommuneloven og langt på veg også benytter lovens terminologi. Kommuneloven §§ 7, 9, 15 m.fl. er sentrale.

2.2. Ansvarsområde

I § 2 «Ansvarsområde» er det oppregnet sakstyper der «kommunestyret sjølv» skal «fatte vedtak», det vil si saker hvor det er delegasjonsforbud.

Overskriften har den ulempe at den kan fremstå som uttømmende. Det burde derfor fremgå av overskriften at delegasjonsforbudet gjelder «I mellom anna fylgjande saker...».

Den kasuistiske oppregningen under §2 «Ansvarsområde» vil nesten aldri, ut fra naturlige årsaker, kunne bli fullstendig. Det burde derfor fremheves som et eget avsnitt at kompetanse til å avgjøre saker av prinsipiell art ikke kan delegeres. Samtidig burde det fremheves at det i den sammenheng at når en skal vurdere hva som er *prinsipielt*, blant annet skal legge vekt på sakens egenart, om de aktuelle spørsmål i saken er uten lovregulering eller at det ikke foreligger retningslinjer for behandlingen og eventuelt at det heller ikke foreligger praksis i Sykkylven kommune for behandling av tilsvarende saker.

For øvrig inneholder kommuneloven en rekke bestemmelser som gir rammer for kommunestyrets delegasjonsadgang, riktignok slik at det avhenger av hvem det delegeres myndighet til. Det er til vanlig større adgang til å delegere myndighet til folkevalgte organer enn til administrasjonen. På samme måte er det større adgang til å delegere til folkevalgte organer som sådanne enn til enkeltmedlemmer.

Av det jeg kanskje særlig savner under den kasuistiske oppregningen, kan jeg nevne internregler for:

- valg av formannskap, jfr. §8 nr. 1.
- oppretting av faste utvalg, jfr. §10 nr. 1-3.
- oppretting av kommunestyrekomiteer, jfr. §10 a.
- valg av styre for institusjoner, jfr. §11, første ledd.
- bruk av hasteparagraf, jfr. §13.
- fastlegging av pensjonsordninger, jfr. §§24 nr. 3 og 43.
- valg av partssammensatte utvalg, jfr. §25, annet ledd.
- lukking av møte, jfr. §31 nr. 4 og 5.

I siste delen av oppregningen henvises det til at kommunestyret selv skal treffe vedtak der kompetanse «ikkje er delegert». Konkret er det nevnt oppretting og nedlegging av stillinger, oppsigelse, avskjed, mv.

Denne språkbruken kan virke litt villedende, fordi delegasjon ikke er beskjæring av kommunestyrets egen kompetanse. At kompetanse «ikkje er delegert» vil stille krav til tydelige delegasjonsvedtak, noe som ofte ikke foreligger. En bør derfor ha fokus på nettopp denne delen av reglementet.

Det kan være nyttig å trekke frem et konkret **eksempel på kompetanseoverskridelse**:

Utdanningsdirektoratet sendte i brev av 6.5.2010 anmodning til Sykkylven kommune om å avgi uttalelse til innkomne søknader om privatskoler. Rådmannen i Sykkylven overlot internt til en etatssjef, kommunalsjef, formelt å avgi uttalelsen og direktoratets henvendelse ble den 11.8.2010 besvart av administrativt der rådmannen på vegne av kommunen gikk imot søknadene.

Kontrollutvalget reiste spørsmål om lovligheten av denne uttalelsen sett i forhold til administrasjonens kompetanse.

Det ble tatt utgangspunkt i at rådmannen kan treffe mange ulike avgjørelser som ledd i kommunens egenforvaltning. Men rådmannen er ikke i medhold av loven tillagt noen avgjørelsesmyndighet med virkning utad, i det slik myndighet tilligger de folkevalgte.

I kommuneloven §23 nr. 4 heter det: «folkevalgte organ gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker... som ikke er av prinsipiell betydning».

Kontrollutvalget fastslo at kommunestyret dermed ikke kan delegere generell avgjørelsesmyndighet til rådmannen i saker som etter sin art må anses av prinsipiell betydning.

Kontrollutvalget pekte på at i dette tilfellet hadde rådmannen plikt til å gå tilbake til kommunestyret fordi saken var av slik «*prinsipiell betydning*», noe utvalget begrunnet ut fra blant annet vedtakets karakter, konsekvenser og prinsipielle sider. Rådmannen markerte uenighet.

Kontrollutvalget konkluderte med at rådmannen i Sykkylven hadde overtrådt sine fullmakter og at rådmannen derfor ikke lovlig kunne avgi administrativ uttalelse til de aktuelle søknadene om privatskole uten å forelegge saken for kommunestyret. Det samme gjaldt avgjørelse etter intern administrativ delegasjon.

Saken resulterte i at administrasjonssjefens brev av 11.8.2010 ble trukket tilbake og at Sykkylven kommunestyre senere omgjorde hans avgjørelse. Det kan føyes til at det i dag er flere privatskoler i drift i Sykkylven.

Under «§2 Ansvarsområde» heter det dessuten:

«Kommunestyret skal på grunnlag av prinsippdebattar, analyser og temadebattar velje satsingsområde og prioritere tiltak».

Dette kan fremstå som en fornuftig visjon, men reglementet sier lite om hvordan forberedelsene til slike debatter skal skje.

2.3. Reglementets bestemmelser om saksbehandlingen, dvs. forhandlinger og møter

Reglementet er forholdsvis grundig når det gjelder formelle regler for kommunestyrets saksbehandling og forhandlinger, men det inneholder mindre om saksforberedelse, jfr. det forvaltningsmessige kravet til forsvarlig saksforberedelse. Dette prinsippet er nedfelt i kommuneloven §23, men reglementet kan også inneholde utfyllende regler om saksframlegget. Likeså kan det redegjøre for hva som normalt skal tilhøre saksframstillingen, så som

- bakgrunn for saken
- oppsummering av faktum
- forholdet til gjeldende plandokument og /-vedtak
- økonomiske og miljømessige konsekvenser
- alternative løsninger
- vurderinger med konklusjon og begrunnelse

Kommunestyret eller andre organ kan ha ønske om at rådmannen utreder de ulike konsekvenser av alternativ løsning. Denne muligheten kan påpekes, samtidig som reglementet også kan anbefale at rådmannen normalt utreder alternative forslag til vedtak når det er mulig i saken.

«Pkt. 1 Innkalling / utlegging av dokument»

Utarbeiding av møteplan for en nærmere bestemt periode, evt. frist for kunngjøring av denne, er ikke nevnt.

Nettbaserte løsninger, henvisninger til kommunens hjemmeside, bruk av papirdokumenter er ikke nevnt når det gjelder saksdokumentene til møtet.

Reglementet nevner ikke noe om hvordan dokumenter unntatt offentlighet skal utsendes og til hvem.

Noen kommuner har reglementsfastet at det i kunngjøringen skal gjøres oppmerksom på at innbyggerne har adgang til å stille spørsmål til ordføreren.

«Pkt. 2 Opne eller stengde dører/teieplikt»

«Lovbestemt teieplikt» er oppstilt som alternativ for lukking ved siden av kommuneloven § 31. Dette må ikke forveksles med at hjemmelen for lukking fortsatt er § 31, selv når det foreligger lovbestemt taushetsplikt.

Reglementet uttaler seg ikke om folkevalgtes adgang til å opplyse hva som er sagt og gjort i et lukket møte. Et forbud i reglementet mot å referere fra debatt i lukket møte vil da også være i strid med loven. Det er den enkelte som må vurdere om det foreligger taushetsplikt for de aktuelle opplysninger som en vurderer å gi ut og om det vil være illojalt å referere forhold som kommer fram i et slikt lukket møte.

«Pkt. 6 Ugild»

Hvilke forhold det enkelte medlem uoppfordret skal ha til spørsmålet om egen habilitet, fremgangsmåte når det foreligger tvil, avgjørelse om inhabilitet, osv. er ikke nevnt.

«Pkt. 7. Talarane si rekkefølge»

Reglementet inneholder ikke noe om møte-, tale og forslagsrett for kommunale tilsatte eller andre, f.eks. når sakens opplysning eller videre behandling er tjent med det.

Adgangen til gruppemøter mellom partiene og fremgangsmåten m.v. ved beslutning om dette er ikke omtalt i reglementet.

Det er heller ikke nevnt noe om hvilke regler som gjelder ved replikkordskifte.

2.4. Andre forhold som kan ha plass i et reglement

2.4.1. Lovlighetskontroll

Det kan nevnes at noen reglement oppsummerer regelverket som er nedfelt i kommuneloven § 59 som omhandler legalitetskontroll eller lovlighetskontroll. Reglementet angir gjerne at tre eller flere medlemmer av kommunestyret etter denne hjemmelen kan bringe en avgjørelse inn for fylkesmannen. Det opplyses også hvilke avgjørelser dette gjelder, hvor kravet skal fremmes og behandlingsmåten, m.v.

Reglementet for Sykkylven kommunestyre har ikke opplysninger om dette.

2.4.2. Interpellasjoner

Reglementet kan informere om adgangen til og behandlingsmåten for slike henvendelser eller initiativ. Som interpellasjon regnes en forespørsel som oppfordrer til en avklaring eller vurdering av prinsipielle forhold, herunder ansvars- eller årsaksforhold. Reglementet gir gjerne regler om forhåndsmelding av interpellasjonen, ordskifte m.v.

Reglementet for Sykkylven kommunestyre har ikke opplysninger om dette.

2.4.3. Anmodning om protokolltilførsler

Hvor og når slike anmodninger må fremsettes, når de skal tillates, m.v. kan ha plass et reglement.

2.4.4. Anmodning om ny behandling av avgjort sak

Kommunestyret kan på visse vilkår omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget, jfr. forvaltningsloven § 35. Reglementet kan gjøre oppmerksom på adgangen som den enkelte har til å anmode om dette, som ikke bare gjelder enkeltvedtak (jfr. forvaltningsloven §2). Videre gir det gjerne regler om behandlingsmåten for en slik anmodning.

3. Forholdet til andre lovpålagte reglement

Etter kommuneloven § 40 nr. 5 skal kommunestyret «fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.»

Dette gjelder regler om utveksling av dokumenter og redegjørelser fra administrasjonen og til folkevalgte organer. Offentleglova gir enhver borger rett til et visst innsyn i saksdokumenter, men dette gjelder altså informasjon ut over det enhver har krav på i medhold av offentliglova. Dette kan f.eks. gjelde instruks om taushetsplikt om opplysninger som kommer frem i lukkede møter og dokumenter som er unntatt offentlighet etter reglene i offentliglova §§ 5 og 6.

Reglementet skal veilede de folkevalgte om rettighetene og gi rutiner for rask og mer fullstendig informasjon. Intensjonen er både å få frem best mulige grunnlag for de vedtak som treffes og klargjøre det overordningsforhold som folkevalgte organ har over administrasjonen.

Kommunestyret er etter loven pålagt å vedta et reglement om slike spørsmål, men det er etter det kommunen opplyser (epost 02.11.2015) ikke gjort. Kommunen viser til departementets veiledende normalreglement på området.

4. Oppsummering

Gjennomgangen gir i hovedsak grunn til følgende foreløpige merknader:

4.1. Reglement for kommunestyret

Det fremlagte reglementet er av noe eldre dato da det i sin nåværende form har vært gjeldende fra 01.01.2008.

Det omtaler ikke regler og rutiner for saksforberedelse.

I forhold til en del andre kommuners reglement kan det i tillegg omfatte flere påpekte forhold, men uten at dette kan beskrives som en mangel ved eksisterende reglement.

Kommunen har for øvrig opplyst at reglementet skal oppdateres i løpet av 2016.

4.2. Delegasjonsreglement

Reglementet synes ikke å fylle de innholdsmessige kravene som loven forutsetter, særlig etter endring av kommuneloven § 39 nr. 2, som trådte i kraft fra 01.07.2012

4.3. Innstillingsreglement

Etter det opplyste foreligger slikt reglement foreløpig ikke og situasjonen er derfor ikke helt i samsvar med loven.

4.4. Reglement for folkevalgtes innsyn

Etter det opplyste foreligger slikt reglement foreløpig ikke.

4.5. Generelt

Det vises for øvrig til de utfyllende merknadene foran, under det enkelte punkt.

Kjetil Kvammen
advokat

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.04.2016

SAK 13/16
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Som vedlegg følger:

- Framlegg til reglement for Sykkylven kontrollutval
- Gjeldande reglement for Sykkylven kontrollutval frå 2008

Med utgangspunkt i dei lovendingane som har kome sidan reglementet vart vedteke, har det blitt vurdert som nødvendig å føreta ein revisjon av reglementet. I tillegg er det ein intensjon å vidareutvikle reglementet slik at det blir ein god reiskap i kontrollutvalet sitt arbeid.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegg til reglement for kontrollutvalet framlagt i møte 21.04.2016.

Harald Rogne
dagleg leiar

REGLEMENT FOR SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL - ORGANISERING OG SAKSBEHANDLING

(Framlegg førelagt kontrollutvalet i møte 21.04.2016).

Følgjande sentrale rettskjelder gir rammer for kontrollutvalet si verksemd:

- kommunelova (L25.09.1992 nr. 107), kapittel 12. Internt tilsyn og kontroll. Revisjon.
- kontrollutvalsforskrifta (F15.06.2004 nr. 905)

Kommunestyret har gjennom dette reglementet teke inn nokre av hovudpunkta i lov og forskrift og fastsett nærare retningsliner for kontrollutvalet og utvalet sitt sekretariat.

1. Organisasjon

1.1. Organisatorisk plassering

Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret og skal på vegne av dette **utføre** det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Kontrollutvalet har prinsipielt ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret.

1.2. Val, samansetting

Utvalet sin leiar skal veljast mellom kommunestyret sine representantar.

Leiaren bør veljast frå eit av dei partia / gruppene i kommunestyret som ikkje har vervet som ordførar.

Nest etter val av formannskap, ordførar og varaordførar skal det veljast kontrollutval for den nye valperioden (kommunelova § 17 nr. 2)

Ved valet skal ein ta omsyn til erfaring og yrkesbakgrunn, utdanning og forhold til andre folkevalde organ. Samansettinga av kontrollutvalet bør gjenspegle kommunestyret sine grupperingar

2. Saksbehandlinga i kontrollutvalet

2.1. Innkalling, sakliste m.v.

Innkalling til møte i kontrollutvalet, sakliste, saksutgreiing og saksunderlag blir sendt elektronisk til utvalet sine medlemmer og varamedlemmer, ordførar, rådmann og kommunerevisjonen.

Møteinnkalling og dokument som høyrer til sakene blir lagt ut på kontrollutvalet sin eigen nettstad:

www.kontrollutval.no

Nettstaden skal ha godt synleg lenke frå kommunen si eiga nettside:

2.2. Saksutgreiing, framlegg til vedtak.

Kontrollutvalsekretariatet er ansvarleg for saksutgreiing og legg fram tilråding til vedtak. Når sekretariatet finn det føremålstenleg kan det som ledd i saksførebuinga innhente uttale eller utgreiing frå andre, t.d. kommunen sin administrasjon, andre offentlege organ, involverte private informantar, m.v. før saka vert lagd fram for utvalet.

Ordførar, kommunerevisjonen si leing og utførande revisorar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

2.3. Utvalet si innhenting av saksopplysningar

Utvalet kan kalle inn einkvar som har handla på kommunen sine vegne, som har medverka når det vart gjort vedtak eller ved saksførebuinga av eit vedtak, for å få opplyst eit sakstilhøve eller få svar på spørsmål om dette.

For administrasjonen er det rådmannen som har ansvaret for å sjå til at denne møteplikta blir oppfylt. Når ei slik innkalling ikkje gjeld rådmannen personleg, kan rådmannen peike ut andre frå administrasjonen til å møte og gi opplysningar, evt. saman med rådmannen sjølv. Dersom kontrollutvalet ber om at ein enkelt tilsett møter personleg, skal rådmannen om nødvendig pålegge vedkomande dette. Rådmannen kan då ikkje setje avgrensingar når det gjeld kva den enkelte tilsette skal forklare seg om og rådmannen kan ikkje krevje å vere til stades under forklaringa.

Folkevald representant kan kallast inn til kontrollutvalsmøte for å gi informasjon til utvalet om tilhøve som knyter seg til utføringa av vervet eller oppgåva som folkevald.

2.4. Høyringar

Kontrollutvalet kan utarbeide eit eige internt reglement for høyringar. Reglementet skal gjere greie for førebuingar og kven som har plikt til å møte.

Reglementet skal sørge for kontradiksjon i høve til den som møter og kva for andre rettar den som møter har. Det kan også rettleie om praktisk gjennomføring, slik som utspørjing, osv.

Reglementet for høyring kan leggst fram for kommunestyret til godkjenning.

2.4. Opne møte og offentlege saksdokument

Som utgangspunkt er kontrollutvalet sine møte opne (jfr. koml. § 31) og saksdokumenta offentlege (jfr. offentleglova § 3).

Det kan likevel ligge føre heimel i lov for at kontrollutvalet skal eller kan treffe avgjerd om det motsette.

2.5. Møtebok

Kontrollutvalet sitt sekretariat er ansvarleg for føring av framlegg til møtebok og kunngjering av referat frå møta.

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte. Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlemer, ordførar og kommunerevisjonen og kunngjerast på utvalet sin nettstad.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir elles sende til ordførar og dei avdelingar/etatar i kommunen som saka gjeld.

2.6. Generelle utfyllande retningsliner

Innafor rammene til lov og forskrift kan kontrollutvalet sjølv fastsetje nærare reglar for si saksbehandling til presisering av desse retningslinjene.

3. Kontrollutvalet sine oppgåver

3.1. Målsetjing (jfr. koml. § 77 nr. 1)

Utvalet skal utføre løpande kontroll og tilsyn med den kommunale forvaltninga.

3.2. Område for kontroll- og tilsynsverksemda (jfr. kontrollutvalsforskrifta § 4)

Utvalet kan utføre kontroll og tilsyn på alle område, og vedkomande eitkvart spørsmål, som gjeld kommunen og/eller kommunale føretak si verksemd.

Utvalet kan ikkje overprøve dei folkevalde organa sine politiske prioriteringar, men kan vurdere om både avgjerdene og avgjerds måten er i samsvar med krava i lova.

Utvalet kan føre kontroll med kommunen sine kontaktar med private tenesteproduentar som utfører oppgåver på vegne av kommunen, eller er leverandørar av varer og tenester til kommunen.

3.3. Rett til å vere til stades i lukka møte (jfr. kontrollutvalsforskrifta § 4)

Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen, med mindre kommunestyret har bestemt at utvalet ikkje har slik rett.

3.4. Fullmakt

Kontrollutvalet tek avgjerd i saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvarsområde og oppgåver etter kommunelova kap.12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval, så langt dlesse reglane ikkje legg avgjerdsmynde til kommunestyret sjølv. I sistnemnde tilfelle gir kontrollutvalet tilråding til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan gi fullmakt til kontrollutvalsekretariatet i samråd med leiaren å ta avgjerd i saker som er kurante, og elles når det hastar med å ta avgjerd, og med melding til kontrollutvalet i neste møte.

3.5. Særlege oppgåver

3.5.1. Årsbudsjett

Utvalet gjev tilråding om kontrollutvalets årsbudsjett. Utvalet si tilråding blir å innarbeide i formannskapet sitt samla framlegg til årsbudsjett og skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

3.5.2. Årsmelding

Utvalet skal leggje fram årsmelding for verksemda i utvalet og fremje denne til kommunestyret til behandling

3.5.3. Varsling

Med bakgrunn i kommunestyresak 09/08 kan varslarar i kommunen vende seg til kontrollutvalet sin leiar.

3.6. Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkyndig hjelp når utvalet finn dette nødvendig. Slik hjelp skal budsjetterast, evt. ved budsjettendring eller med søknad om tilleggsøyving.

3.7. Eigen opplæring og orientering til andre

Kontrollutvalet skal ta omsyn til behovet for opplæring av utvalet sine egne medlemmer og ta initiativ til at dette behovet til eikvar tid blir dekt. Rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet bør tilpassast medlemene sitt behov.

Utvalet bør tilby orientering og informasjon om kontrollutvalet si rolle mv. til folkevalde organ.

3.7. Teieplikt (kontrollutvalsforskrifta § 5)

Forvaltningslova sine alminnelege reglar om teieplikt, jfr. forvaltningslova § 13 mv., gjeld for kontrollutvalet sine medlemmer og sekretariatet.

4. **Kontrollutvalet sin innstillingsrett** (jfr. kommunelova § 77)

Før ei sak blir rapportert til kommunestyret skal den sendast rådmannen til uttale som til vanleg blir å sjå på som endeleg frå administrasjonen si side.

I saker der kontrollutvalet rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret har kontrollutvalet åleine innstillingsrett. Eineretten til instilling er ikkje til hinder for at saka i tillegg kan leggjast fram for andre folkevalde organ. Slik eventuell fråsegn kan då ikkje kome i staden for utvalet si saksførebuing, men berre nyttast som eit supplement til denne.

5. Kontrollutvalsekretariatet sine oppgåver

5.1. Saksbehandling, saksutgreiing og iverksetjing av vedtak (kontrollutvalsforskrifta §20)

Sekretariatstenestene blir utførde av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS. Arbeidsoppgåvene kjem fram i forskrift om kontrollutval, jf også selskapsavtalen for selskapet. Arbeidsoppgåvene er administrativ leiing, saksbehandling og oppfølging av saker til kontrollutvalet

Kontrollutvalsekretariatet skal sjå til at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver etter lov og forskrift blir ivaretekne og forsvarleg løyst. Kontrollutvalet kan leggje arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov/forskrift ikkje er til hinder for dette.

Kontrollutvalsekretariatet skal også sjå til at vedtaka i kontrollutvalet, evt. etter behandling i kommunestyret, blir sette i verk.

5.2. Avgrensing mot revisjonsoppgåver

Kontrollutvalsekretariatet kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført av kommunerevisjonen med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar, om nødvendig av innleigde revisorar.

5.3. Tilhøvet til kommunerevisjonen

Kontrollutvalsekretariatet er kommunerevisjonen sitt kontaktledd overfor kontrollutvalet i alle saker. Sekretariatet er det organet som skal formidle oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal løysast av kommunerevisjonen.

6. Endringar, ikraftsetting

Kontrollutvalet kan iverksetje mindre endringar og løpande tilpassingar i reglementet, evt. også som følgje av endringar i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Reglementet blir gjort gjeldande frå 1. juni 2016.

~~FORSLAG TIL~~ REGLEMENT FOR ORGANISASJON OG SAKSBEHANDLING I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

"Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av Kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar §§ 77, 78 og 79 er bindande og gjeld i sin heilskap.

I tillegg vedtek kommunestyret følgjande reglement for organisasjon og saksbehandling i kontrollutvalet, for kontrollutvalet sitt sekretariat.

KONTROLLUTVALET

1 Organisasjon

1.1 Organisatorisk plassering

Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret og skal på vegne av dette førestå det løpande tilsynet med kommunens forvaltning.

1.2 Val, samansetjing

Kontrollutvalet skal ha medlem med gruppevise varamedlem i rekkjefølgje. Av medlemmane skal leiaren vere medlem av kommunestyret.

Leiaren bør veljast frå eit av dei partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ombodet som ordførar.

Kontrollutvalet bør veljast som første val etter val av formannskap og ordførar/ varaordførar.

2 Saksbehandlinga i kontrollutvalet

2.1 Innkalling, saksliste

Innkalling til ordinære møte i kontrollutvalet blir utsendt med minst 5 dagars varsel og skal ha opplysning om møtestad og tid og kva saker som skal behandlast. Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for innkalling og utsending av saksdokument.

Sakslista med tilhøyrande saksdokument blir sendt til ordførar, rådmann og kommunerevisjonen

2.2 Møtebok

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for føring av møtebok

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte.

Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlem, ordførar og kommunerevisjonen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir sendt ordførar og dei avdelingar/etatar i kommunen saka gjeld.

2.3 Saksutgreiing

Kontrollutvalsekretariatet syter for saksutgreiing og gjev tilråding til vedtak. Kontrollutvalet evt. kontrollutvalsekretariatet kan i einskilde høve be andre om utgreiingar.

2.4 Møterett

Ordførar, kommunerevisjonen og evt. andre utførande revisorar har møte- og talerett i kontrollutvalet,

Rådmannen eller den han peikar ut kan innkallast til møta for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold.

2.5 Opne/lukka møte

Kontrollutvalets møter skal ikkje haldast for opne dører.

2.6 Oppmøte utanom møte

Utanom ordinære fastlagte møte kan kontrollutvalet eller einskildmedlemer av kontrollutvalet, innkallast til deltaking i andre møte, konferansar m.v. som er ein ledd i tilsynsansvaret og få dekning for tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v. etter kommunens reglar.

2.7 Generelt

Kontrollutvalet kan fastsetje nærare reglar for si saksbehandling som presisering av desse retningslinjene.

3 Kontrollutvalets oppgåver

3.1 Fullmakt

Kontrollutvalet tek avgjerd i saker som gjeld kontrollutvalets ansvarsområde og oppgåver etter kommunelova kap.12, forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval, så langt desse reglane ikkje legg avgjerdsmynde til kommunestyret sjølv. I sistnemnde tilfelle gir kontrollutvalet tilråding til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan gi fullmakt til kontrollutvalsekretariatet i samråd med leiaren å ta avgjerd i saker som er kurante, og elles når det hastar med å ta avgjerd, og med melding til kontrollutvalet i neste møte.

3.2 Særlege oppgåver

3.2.1 Årsbudsjett

Utvalet gjev tilråding om kontrollutvalets årsbudsjett. Utvalet si tilråding blir å innarbeide i formannskapet sitt samla framlegg til årsbudsjett og skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

3.2.2 Årsmelding

Utvalet skal leggje fram årsmelding for verksemda i utvalet og fremje denne til kommunestyret til behandling.

3.2.3 Varsling

Med bakgrunn i kommunestyresak 09/08 kan varslarar i kommunen vende seg til kontrollutvalet sin leiar.

3.3 Bruk av sakkunnig hjelp

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp når utvalet finn dette nødvendig. Slik hjelp skal budsjetterast, evt. ved budsjettendring eller med søknad om tilleggs-løyving.

3.4 Teieplikt

Medlem og varamedlem i kontrollutvalet skal underteikne erklæring om teieplikt.

4 **Kontrollutvalsekretariatets oppgåver**

4.1 Sekretariatstenestene blir utført av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Arbeidsoppgåvene kjem fram i Forskrift om kontrollutval jf også selskapsavtalen for selskapet. Arbeidsoppgåvene er administrativ leiing, saksbehandling og oppfølging av saker til kontrollutvalet

Kontrollutvalsekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver etter lov og forskrift blir ivaretekne og forsvarleg løyst. Kontrollutvalet kan leggje arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov/forskrift ikkje er til hinder for dette.

Kontrollutvalsekretariatet skal sjå til at vedtaka i kontrollutvalet evt. etter behandling i kommunestyret blir sett i verk.

4.2 Avgrensing mot revisjonsoppgåver

Kontrollutvalsekretariatet kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar av kommunerevisjonen, evt. av innleigde revisorar.

4.3 Tilhøvet til kommunerevisjonen

Kontrollutvalsekretariatet er kommunerevisjonens kontaktperson overfor kontrollutvalet i alle saker og skal formidle oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal løysast av kommunerevisjonen.

5 Endringar, ikraftsetting.

Kontrollutvalet kan gjere mindre endringar i reglementet, evt. også som følge av endringar i forskriftene om revisjon og kontrollutval.

Reglementet blir gjort gjeldande frå 1. juli 2008.